

Eksamen

14.november 2016

HUD3001

Helsefremmande/Helsefremmende arbeid

Programområde: Hudpleiar/Hudpleier

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva vil det bli lagt særleg vekt på graden av måloppnåing i desse kompetansemåla:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjere greie for korleis huda er bygd opp og fungerer, og for normale aldersforandringar• drøfte samanhengar mellom endringar i hud, hår og negler og helse, miljø, levevanar og alder• utføre førebyggjande tiltak og behandling knytt til hud, hår og negler• vurdere varedeklarasjon på ulike hudpleieprodukt
Andre opplysningar	Oppgåvene på svararket skal nummererast.

Du jobbar i ein hudpleieklinikk og ein dag kjem det inn ein kunde. Det er ein gut på 18 år. Han har problem med høg talgproduksjon og opplever huda si som raud og irritert i periodar, spesielt i nedre del av ansiktet.

Guten er elev på ein vidaregåande skole og utdanner seg til bilmekanikar. På fritida er han mykje på fjellet og likar å vere i fysisk aktivitet.

Oppgåve 1

Drøft samanhengen mellom normale endringar i huda til denne kunden i forhold til miljø, levevanar og alder.

Oppgåve 2

Du observerer at kunden har akne vulgaris, både med og utan betennelsar. Du tenker at kosthaldet hans kan ha betydning for hudproblema hans.

- a) Drøft samanhengen mellom akne vulgaris og kosthald.
- b) Kva for kosthaldsråd vil du anbefale denne kunden?

Oppgåve 3

Kunden planlegg ein lengre tur til Alpene i vinterferien for å stå på ski. Du observerer at han i tillegg til akne har hyperpigmenterte arr etter akne og couperose i kinn.

- a) Kva for anbefalingar og forebyggande tiltak er viktig i forhold til sol- og kuldebeskytting for denne kunden?
- b) Kva for typar produkt vil du anbefale til turen? Grunngi svaret ut frå kva som er viktig å sjå etter i varedeklarasjonen for produkta.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven vil det bli lagt særlig vekt på grad av måloppnåelse i forhold til disse kompetansemålene:</p> <ul style="list-style-type: none">• gjere greie for korleis huda er bygd opp og fungerer, og for normale aldersforandringar• drøfte samanhengar mellom endringar i hud, hår og negler og helse, miljø, levevanar og alder• utføre førebyggjande tiltak og behandling knytt til hud, hår og negler• vurdere varedeklarasjon på ulike hudpleieprodukt
Andre opplysninger	Oppgavene på svararket skal nummereres.

Du jobber i en hudpleieklinikk og en dag kommer det en kunde inn. Det er en gutt på 18 år. Han har problemer med høy talgproduksjon og opplever huden sin som rød og irritert i perioder, spesielt i nedre del av ansiktet.

Gutten er elev på en videregående skole og utdanner seg til bilmekaniker. På fritiden er han mye på fjellet og liker å være i fysisk aktivitet.

Oppgave 1

Drøft sammenhengen mellom normale endringer i huden til denne kunden i forhold til miljø, levevaner og alder.

Oppgave 2


Du observerer at kunden har akne vulgaris, både med og uten betennelser. Du tenker at kostholdet hans kan ha en betydning for hans hudproblemer.

- a) Drøft sammenhengen mellom akne vulgaris og kosthold.
- b) Hvilke kostholdsråd vil du anbefale denne kunden?

Oppgave 3

Kunden planlegger en lengre tur til alpene i vinterferien for å stå på ski. Du observerer at han i tillegg til akne har hyperpigmenterte arr etter akne og couperose i kinn.

- a) Hvilke anbefalinger og forebyggende tiltak er viktig i forhold til sol- og kuldebeskyttelse for denne kunden?
- b) Hvilke typer produkter vil du anbefale til turen? Begrunn svaret ut fra hva som er viktig å se etter i varedeklarasjonen for produktene.



www.vigoiks.no/eksamen